

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ottar Myrtveit	FE - 223	16/615

Saknr	Utval	Type	Dato
008/2017	Teknisk utval	PS	25.04.2017

Søknad om tilskot frå fiskefondet i Masfjorden frå Henning Skuggedal

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Søknad om tilskot frå fiskefondet	17.02.2017
1+SV+_1023071.pdf	17.02.2017
Søknad om tilskot frå fiskefondet	02.08.2016
Retningslinjer for bruk og forvaltning av kommunalt fiskefond - Masfjorden kommune	18.04.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Henning Skuggedal sin søknad om tilskot frå fiskefondet vert ikkje godkjent slik den ligg føre. Den stettar ikkje §1-Føremål i Masfjorden sine reviderte retningslinjer for bruk og forvaltning av kommunalt fiskefond.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Henning Skuggedal har søkt om midlar til vegbygging frå fiskefondet i søknad datert 17.02.2017

Fakta

Henning Skuggedal har også søkt om tilskot frå fiskefondet 29.06.2016, sjå vedlegg. Då vart det søkt om 60.000,- frå fiskefondet for å fremja fiskekultivering, samt at her skal byggjast ein veg på om lag 220 meter ned til Kalhovdavatnet. Her har kome to søknader frå søkjar og ein viser her vidare til brev datert 19.12.2016. Saka vart då teken opp og oversendt rådmannen for vurdering om den var tilskotsberettiga. Rune Langhelle har også etterspurt saka fleire gonger, men rådmannen ynskte retningslinjene av kommunalt fiskefond revidert. Difor har saka måtta venta noko, men Langhelle er orientert om tilhøvet. Sak om revidering av kommunalt fiskefond vart difor teken opp politisk, først i TU – teknisk utval 22.11.2016, vidare til formannskapet 29.11.2016 og endeleg godkjent i kommunestyret 13.12.2016. Reviderte retningslinjer for fiskefondet ligg i vedlegget.

Vurdering

Masfjorden sitt fiskefond vert nytta for å fremja fiskekultivering og er no revidert. Formålet er det same jfr§1 kva fondet kan nyttast til.

I den første søknaden som vart sendt bad kommunen om noko tilleggsinformasjon. Då me kjenner godt til saka gjennom Rune Langhelle trengst likevel ettersendt:

- Eit kostnadsoverslag, kva skal kjøpast og gjerast her.
- Finansiering – korleis ser ein for seg prosjektet fordelt/finansiert
- Kartfesting
- Foto
- Kontaktperson

Etter orienteringsmøte på kommunehuset med Rune Langhelle, administrasjonen og leiar i TU, John Torsvik, påpeika kommunen at skal ein få tilskot frå fiskefondet må ein utforma ein søknad så det er i tråd med gjeldande retningslinjer for fiskefondet. Då fondet skal nyttast slik det er tiltenkt kan ein ikkje godkjenna søknader som berre går på vegbygging. I den første søknaden står det rett nok at ein også skal driva fiskekultivering, men kostnadsoverslag og finansiering på desse viktigaste punkta er ikkje med no i den siste søknaden.

Rådmannen meiner at søknaden om tilskot frå fiskefondet som no ligg føre ikkje er i samsvar med dei nyleg vedtekne retningslinjene for bruk av fiskefondet.

Konklusjon

Sjå framlegg til vedtak.

Teknisk utval - 008/2017

TU - behandling:

Saka vart orientert av Ottar Myrtveit.

Nytt framlegg til vedtak frå John Torsvik (H):

Utval for teknisk, miljø og landbruk rår Masfjorden kommunestyre til å gå inn for å løyve kr. 60.000,- frå Fiskefondet i Masfjorden til Henning Skuggedal for opparbeiding av allmenn tilkomst til Kalhovdevatnet. Tilkomsten gjer at ein kan vidareutvikle Kalhovdevatnet som eit godt fiskevatn som vert gjort tilgjengeleg for allmennheita, også menneske med nedsatt funksjonsevne.

Grunngjeving:

Tiltakshavar har over lang tid vist stor interesse for ei bærekraftig utvikling av både dette og andre vassdrag. Det vert vektlagt frå den første søknaden frå 2016 at tiltaket gjer at ein no kan utøve fangst av yngel for utsetjing i fjellvatn på ein funksjonell og kvalitativ måte. Adkomsten til Kalhovda vil betre

kultivering av vassdraget.

Vedtaket vert gjort med heimel i § 1.c i revidert reglement for Masfjorden Fiskefond, vedtatt 20.11.2016 av Masfjorden kommunestyre.

Framlegg til vedtak frå John Torsvik (H) vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

TU - vedtak:

Utval for teknisk, miljø og landbruk rår Masfjorden kommunestyre til å gå inn for å løyve kr. 60.000,- frå Fiskefondet i Masfjorden til Henning Skuggedal for opparbeiding av allmenn tilkomst til Kalhovdevatnet. Tilkomsten gjer at ein kan vidareutvikle Kalhovdevatnet som eit godt fiskevatn som vert gjort tilgjengeleg for allmennheita, også menneske med nedsatt funksjonsevne.

Grunngjeving:

Tiltakshavar har over lang tid vist stor interesse for ei bærekraftig utvikling av både dette og andre vassdrag. Det vert vektlagt frå den første søknaden frå 2016 at tiltaket gjer at ein no kan utøve fangst av yngel for utsetjing i fjellvatn på ein funksjonell og kvalitativ måte. Adkomsten til Kalhovda vil betre kultivering av vassdraget.

Vedtaket vert gjort med heimel i § 1.c i revidert reglement for Masfjorden Fiskefond, vedtatt 20.11.2016 av Masfjorden kommunestyre.